# JØLSTER KOMMUNE

## KVALITETSUTVIKLINGSSYSTEMET - PROSEDYRE:

| NAMN<br>Intern utlysing | | Side / av | Vedlegg |
|---|---|---|---|
| Utarbeida av | | Utgåve / dato<br>18.3.2010 | Sist revidert: |
| Godkjent av | Revisjonsansvarleg | Reviderast | Gjeld f.o.m. |
| Tenesteområde: | | | |

MÅL
Sikre at tilsette sine rettar etter Arbeidsmiljølova og HTA vert oppfylt.
Sikre stabil bemanning i store stillingsprosentar

ANSVAR
Tenesteleiar

REFERANSAR
Arbeidsmiljølova § 14-3
HTA 2.3.1

HANDLING

1. Stilling vert ledig
2. Vurdere behovet for utlysing:
    a. Dersom det er fare for overtalligheit (fare for oppseiing) plasserer arbeidsgjevar tilsett som fast vikar inn i stillinga. Gjeld for heile kommunen.
    b. Tar stilling til om den ledige stillinga kan delast eller om det berre kan tilsetjast i heile stillingsprosenten. Dette skal drøftast med tillitsvalde. Dersom stillinga ikkje kan delast, skal det gå fram i utlysingsteksten.
        i. Arbeidstakarane har ikkje rett til å plukke vakter eller deler av ei stilling.
    c. Stillinga vert meldt inn til omstillingsutvalet. Omstillingsutvalet gir evt. løyve til utlysing.
3. Stillingane skal først lysast ut internt
4. Framgangsmåte ved intern utlysing
    a. Kort utlysingstekst med stillingsnamn, tittel, prosent og arbeidsstad
    b. Den interne utlysinga sendast på e-post til alle tenesteeiningar

    i. Dei einingane som har personar i same sort stilling, kunngjer den interne utlysinga på si eining
  c. Utlysinga sendast samstundes til: Fagforbundet, Delta og NSF
5. Intern utlysing gjeld berre fast tilsette
  a. Auke av stilling (lovfesta AML §14-3, HTA § 2.3.1)
    i. Deltidstilsette i same fagstilling på same avdeling
    ii. Deltidstilsette i same fagstilling på annan avdeling
  b. Byte av stilling
    i. Fast vikar
    ii. Andre som ønskjer å byte stilling

<u>Ansiennitet avgjer innanfor kvart underpunkt:</u>

- Ansiennitet i aktuell fagstilling i kommunen
- Ved berekning av ansiennitetslengd brukar vi same avgrensing som i HTA § 12.4: I tillegg til fast tilsetjing gjeld dermed også periode på minst ½ år der vedkomnde i gjennomsnitt har jobba over 14 timar pr veke.

<u>Ikkje vesentleg ulempe for drifta:</u>
Førerett gjeld så langt det ikkje fører til vesentleg ulempe for drifta av verksemda (AML § 14-3 (2).

<u>Tillitsvalde:</u>
Tillitsvalde deltek i tilsetjingsprosessen som vedteke i tilsetjingsreglement.

<u>Ved fleire stillingar samstundes:</u>
Denne prosedyren blir brukt for kvar enkelt stilling. Den same tilsette kan difor få fleire tilbod samstundes. Vedkomande vel i så sjølv kva tilbod han/ho takkar ja til. I dei andre stillingane går i så fall tilbodet vidare til neste på lista.